

## Referat frå soknerådsmøte tysdag 31. januar kl. 18:30 på kyrkjekontoret

Til stades: Jostein Husa, Per Børge Hillestad, Lars Svendsen, Erling Walderhaug, Olav Husa, Ragnhild Husa, Anders Bergsland og Mia Etokebe

Opning ved Jostein Husa. «De er jordas salt».

### Saksliste

S1/17 Godkjenning av innkalling og referat –ok.

S2/17 Skriv og meldingar

Kyrkjesølvvet er funnet!

Fab.8 sponsar turen til impuls med 5000,- kroner

Kvardag og helg. Olav skriv ei helsing i påskenummeret. Innlevering av stoff innan 10. mars.

S3/17 Trusopplæringa

Etter samtale med trusopplærar og kyrkjevevjerne i Austrheim og Radøy vil vi drøfte om vi skal fortsette samarbeidet vi har ang. Trusopplæra i dei tre sokna. I forhold til hans arbeidstid og resursbruk har vi sett på om det kan vere gunstig for alle parter at Fedje trekk seg ut samarbeidet. Vi drøfter dette vidare.

Kyrkjevevjerne snakkar meir med bispedøme og dei andre kyrkjevevjerne om korleis dette vert økonomisk for oss. Dette vil vi ta opp igjen på neste soknerådsmøte slik at vi tek ein god avgjersle til det beste for trusopplærar og kyrkjelyd.

S4/17 Val av ny soknerådsleiar

Etter handboka for sokneråd skal vi ha val på soknerådsleiar kvart år. Dette står i kirkeloven: *Menighetsrådet/kirkelig fellesråd velger i det konstituerende møtet og **senere hvert år blant sine medlemmer, leder og nestleder. Valget foregår skriftlig. Den som ett år har vært leder, kan unnslå seg valg for det følgende år.***

Jostein Husa er valt som leiar for eit år til og Lars Svendsen som nestleiar.

#### S5/17 Nøkkelrutinar i kyrkja

Lage gode rutinar og kjøpe inn et nøkkelskap og lage nye låsesylindere. Lage nye nøklar og lage eit godt system på kven som har nøkkel med inn og ut skiving.

Vedtak: Vi kjøpar eit nøkkelskap for oppbevaring av dei viktige nøklane. Få skal disponere nøkkel/kode til skapet.

Vi vil skifte sylindare og kjøpe nye nøklar, eventuelt kodelås. Olav Husa og Lars Svendsen sjekkar dette ut og kjen tilbake med forslag til ein god løysing på neste møte.

#### S6/17 Høyringsak om ny kyrkjeordning frå bisperådet.

I 2015 gav vi eit høyringsvar til bispedømerådet om ny kyrkjeordning. Vedlagt ligg saksdokumentet på kva dei kom fram til. Dette er til orientering om ikkje vi har forandra våre svar gjer vi ikkje meir i denne saka no. Vedlagt ligg også det svaret vi gav den gongen.

-Per Børge Hillestad vil sette seg inn i saka og kome med forslag til svar på neste møte.

#### S7/17 Evaluering av julefesten og økonomien rundt den.

- Vi fekk inn 7150,- i inngang. Altså eit lite underskot som vi allereie hadde rekna med. Vi sel resten av suppa til styret i bedehuset for kronar 1000,-
- Vi fekk gode tilbakemeldingar om at julefesten var vellukka og godt organisert. Vi vil lage ei mappe med planlegging, erfaringar og økonomi som vi kan ha i arkivet. Vi kan da sjå tilbake på dette neste gong vi skal arrangere julefest i 2019.

#### S8/17 Gjennomgang av reingjerings og rydderutinar i kyrkja.

Kyrkjetener har ingen arbeidsinstruks. Det bør lagas eit forslag på dette som vi kan gje til kommunen. For god orden i sakristia bør vi lage til eit enkelt skap i våpenhuset til støvsugaren. Vi ønskjer å ta vekk skapet i dåpssakristiet for å få plass til ein liten sofa eller godstol som kan brukast til dømes til amming.

Vi må også lage ein plan for storreingjering i kyrkja. Arve Husa og Jostein Husa lager eit forslag på ein slik plan og legg den fram på neste møte.

Vi treng ein synfaring i kyrkja om kva som må gjerast av vedlikehald. Denne synfaringa vil Mia Etokebe, Arve Husa, Ragnhild Husa og Øyvind Tolleshaug gjennomføre. Kyrkjevevja innkallar til dette.

## S9/17 Eventuelle saker

- Basar 11. mars. Kyrkjeringen ber alle i soknerådet om ein gevinst på bok til ca 200,- kroner. Dei samlar inn pengar til universal uforming av inngangspartiet til kyrkja. Gevinstane kan leverast til Grete Herøy eller Ingrid Nilsen. Fint om de gir beskjed om kva gevinsten er i god tid så dei kan fortelje om gevinstane når dei sel lodd.
- Forslag frå Anders Bergsland om at vi bør ha ein kafé i bedehuset under ølfestivalen. Dette vil vi ha som sak på neste møte.
- Soknerådsmøte bør ha eit fast tidspunkt. Det er satt til 18:30 og skal til saman med fellesråd ikkje vare lenger enn til 20:30.
- Hein Anders Kvalheim, kjent frå ekspedisjonen «ingen Grenser» som gjekk på TV2 hausten 2013. Olav Husa kjenner Hein og dei har saman snakka om at han vil besøke oss på Fedje og halde foredrag. Tema som sjølvbevissthet, kvardagsmestring, fellesskapsbygging, livsendringar, eigen rolle i fellesskapet og eget sjølvbilde er tema han kan formidle godt. På oppdrag i kyrkjesamanheng tek han ikkje meir enn for opphald og reise, ca 3000,-. Han er veldig flink å formidle til ungdom og vi vil gjerne få til eit møte med han denne våren. Olav Husa følgjer dette opp vidare.
- Per Børge Hillestad har vert på Impuls i Stavanger med 10 av våre ungdomar. Dei hadde gode opplevingar av dette og vil gjerne at fleire både ungdom og vaksne på Fedje skal vere med neste gong.

Soknerådsleiar: Jostein Husa